

Reiskapshus fullført på Musland

22.10.2013

Reiskapshuset på 384 kvadratmeter ved Musland er fullført og kommunen har sendt ferdigattest. Det er S. Myklebust Maskinstasjon som har bygd den store hallen medan Haldis Myklebust står som tiltakshavar.

Hallen ligg i Muslandsvegen 227, ved vegen mot Friheim. Alle krav og vilkår som er stilte i løyva og som følgjer av gjeldande vilkår er dokumenterte og oppfylte.

Bygningen eller deler av den må ikkje takast i buk til noko anna føremål enn det løyvet gjev høve til. Bruksending krev særskilt løyve.